



Tolvåringane på Trio3/Uskedalen i G13-klassen har hatt ein imponerende haustsesong. Her er dei fotografert jublende etter ein bortesiger i Odda.

G-13 laget til Trio/Uskedalen er puljevinnarar i 1.divisjon, og dermed klar for sluttspel om kretsmeistertittelen. Dette er klart sjølv om det er 2 kampar att av sesongen. Særleg imponerende er dette sidan laget er samansett av berre 12-åringar.

Odd Steinar Arnesen overtok som trenar for dette laget i sommar, og han fortel at dette samarbeidslaget er nytt av året. Tilbodet gjekk til alle G12-spelarane i Uskedalen. Dette er eit ekstra tilbod, i tillegg til dei treningane og kampane dei har med laget i Uskedalen. To uskedelingar, Sander Simensen og Martin H. Arnesen, har vore med i heile år medan Sondre Klyve har spela ein kamp. Trenaren har med seg ein lagleiar frå Trio. Det er Kjell Arne Olerkjær Larsen.

Samarbeidslaget vart meldt på i ein klasse over (G13) den dei eigentleg høyrer til etter alder. I vår spela dei i ei pulje med lag frå Stord og Bømlo, og gjekk gjennom vårsesongen med jamn fordeling av seirar og tap.

Laget fekk valget mellom å spela i 1.- eller 2.divisjon i haust. Dei valde 1.divisjon for å gje gutane best mogleg matching. I haust har dei til no spela 8 kampar, vunne alle, med ein målskilnad på 39-6. Dei har allereie vunne pulja si suverent, sjølv om det er 2 kampar att av haustsesongen.

Dei er difor i sluttspelet om kretsmeistertittelen for G13. Slik det ser ut no vil dei møte Brann og Bremnes 1 i kampen om å komma til kretsfinalen.

2. oktober spela laget kamp mot Rosendal sitt G13 lag, der dei to uskedelingane Sander Myklebust og Jaran Jensen Eide var med. Det var ein spennande og god kamp. Her er ein link til kampreferatet som ligg på Trio sine heimesider <http://il-trio.no/no/nyheter/4284/>

Det vert spennande å følgje desse flinke gutane i sluttspelkampane seinare i haust.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Odd Steinar Arnesen.